Til: Fyresdal Kommune v/Mona Gundersen 26.10.2026

Kopi: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Merknadar til; Tilbakemelding på mottatte klager på vedtak om endring av rammeløyve for gbnr. 38/133 og 134:
Eg viser til tilbakemeldinga mottekje 24.09.2026, 2025/183-112. Eg fekk 6. oktober utsett svarfrista til 23.oktober, samt ei ytterlegare utsetjing til 26.oktober.
Eg ber om at det blir gjort ei ny vurdering av mi merknad i punkt 3. sendt inn 29.07.2026, då eg meiner at kommunen ikkje har fulgt sitt ansvar i henhold til retningslinjer om støy i arealplanlegging og Miljødirektoratet sin veiledar.
I tillegg har eg fylgjande kommentarar:

1: Endringar i støyrapport Rev06

- I tidlegare revisjonar av støyrapport har det vore ein sjølvpålagt reduksjon av støygrense Lnight ifrå 45db til 40db, i Rev06(Kap 3.2) er denne reduksjonen fjerna fullstendig utan begrunning. Dette var ein reduksjon («basert på erfaring fra andre datasenter»).
  - I Rev06 Tabell 9 er grenseverdien for Lnight satt til 45db, dette er i strid med Miljødirektoratet sin veiledar avsnitt 2.2.3, som seier at for datasenter, skal verdiane i Tabell 2 T-1442/2021 skjerpast med 5db.
  - Eg ber kommunen om ei tilbakemelding på kvifor ikkje endringar slik som dette er gjennomgått, og heller ikkje Miljødirektoratet sin veiledar har blitt fulgt. Samt at kommunen sikrar at framtidige rammeløyve og planar fylgjer dei retningslinjene som gjeld.

- Innkjøyringsfasen av alle komponentar inkludert nødstraumsaggregat er ifylgje Rev06 lagt til som ein del av anleggsperioden. Ifylgje brevet ifrå Mona Gundersen (2025/183-112) er støy i bygge- og anleggsfasen ikkje omfatta av rammeløyve, og kommunen vil behandle tilbakemeldingar angående dette separat.
  - Eg har tidlegare sendt inn kommentarar og klager på støy og vibrasjonar som fylgje av anleggsarbeidet, utan at det har blitt gjort nokon tiltak for å betre situasjonen ved vår bolig. Vi opplev at kommunen fråskriv seg ansvaret for dette ved å henvise til utbyggjar. Ifylgje Miljødirektoratet sin veiledar skal kommunen sikre at det foreligg ein plan for støy i bygge- og anleggsfasen, samt sikre at planen fylgjast. Eg har tidlegare informert om eigne støymålingar som har vore over grensene, samt bedt om innsyn i støymålingar utført ved vår bolig. Kommunen har ikkje gitt svar på dette, forutan ei tilbakemelding om at utbyggjar seier han er innanfor grensene.
  - At innkjøyringsfasen nå skal bli handtert kun etter T1442/2021 er svært bekymringsverdig for oss naboar, spesielt når kommunens handtering av støy og ivaretaking av oss som naboar har vore heilt fråverande.

- Reduksjon på maksimaldøgn.
  I tidlegare revisjonar av støyrapport har det blitt lagt til grunn 12 timar i 5 dagar med over 26 grader, mens det i Rev06 har blitt endra til kun 4 timar om dagen i 15 dagar.
  Dette virkar for meg å vere ei bevisst endring for å få verdiane for værste enkeltdøgn automatisk lågare.
  - Kvifor var ikkje denne endringa gjort greie for i støyrapporten?

- Testing av nødstraumsaggregat
  - Rev05: alle 176 generatorar skal testas samtidig i 8 timar - resultat ved vår bolig 50db.
  - Rev06: kun generatorane ved eit bygg skal testas i 4 timar - resultat ved vår bolig 49db.
  - Rev06: månadleg og årleg testiing, uspesifisert antall i 4 timar - resultat ved vår bolig 47db.
  - Korleis kan det ha seg at vi skal ha høgare støynivå ved testing av 32 generatorar i eitt bygg i forhold til ved testing av det ein kan anta er alle 176 generatorane i alle bygga?

Med venleg helsing
Jostein Nedrebø